

## AVTALE

mellom

**Meland kommune**

og

**Trond-Mogens Brakstad, Anne Marit Larsen, Kjell Harald Brakstad og Lars Helge Brakstad**

Eigarar av gbnr, 10/39 i Meland kommune

Avtalen gjeld legging av VA-anlegg og utviding av fylkesveg 247.

Meland kommune og eigarar av gnr. 10 bnr. 39 i Meland har inngått følgjande avtale om utviding av fylkesveg 247 og legging av VA-anlegg, der kommunen er ansvarleg for prosjektering, anleggsarbeid og seinare drift og vedlikehald:

1. Meland kommune skal bygge vatn- og avlaupsleidning frå Holme til Tveit under allereie eksisterande fylkesveg. På delar av eksisterande veg skal det byggjast fortau. Med tanke på framtidig vegbruk og for å sikre tilkomst mens arbeidet pågår, er det behov for at vegen vert utvida. På bakgrunn av terrenget i området er det mest tenleg at denne vegen blir lagt noko over gnr. 10 bnr. 39, som vist på vedlagt kart. Grunneigar gjev gjennom denne avtalen Meland kommune rett til å opparbeide veg og leggje asfalt på eigedomen. Den aktuelle plasseringa vegen er synt på vedlagte forstørring av kart i målestokk 1:1000. Det kan bli mindre tilpassingar av trasèen innanfor anleggsbeltet i samband med detaljprosjekteringa og utføringa av vegen.
2. Meland kommune har vidare rett til tilkomst til eigedomen der det skal anleggjast veg i anleggstida og tilkomst for seinare tilsyn, vedlikehald og forsyning, samt rett til å nytte omkringliggande private framkomstvegar som grunneigar er heimelshavar til, dersom det er naudsynt for å gå gjennomført anleggsarbeidet, seinare tilsyn og vedlikehald.
3. Anleggsarbeidet og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlege forholda bli gjenoppretta i den grad det er mogleg. Følgjande er nærare avtalt
  - Kommunen vil fjerne trea som hindrar utvidinga av vegen.
  - For å gjere vegen meir trafiksikker skal Meland kommune forsøke å rette ut vegprofilen. Vegen må difor senkast og hevast nokre stader. Tilsvarande vil gjelde for grøftetraseen.
  - På grunn av trafikkbelastning vil innkøyrsele på eigedomen bli utvida i den utstrekning at den kan nyttast som møteplass.
  - Etter at arbeidet er ferdig har alle rett til å nytte vegen på lik linje med ein vanleg fylkesveg, sjølv om delar av vegen strekk seg over grunneigar sin eigedom.
  - Opparbeidinga av veg og legging av asfalt på eigedomen er permanente tiltak som ikkje skal rettast opp i. Meland kommune legg med dette til rette for at vegarealet som fell

innanfor eigedomsgrensa seinare skal ervervast av Statens vegvesen. Ein føreset at vegen vert lagt 4 meter frå noverande vegkant.

- Meland kommune vil ha ingen innvendingar mot ein seinare salsavtale mellom grunneigar og Statens vegvesen der opparbeida vegareal blir overført til sistnemnte, under føresetnad at vedlikehald, tilsyn og anna ansvar knytt til drift av vegen overførast fullt ut til Statens vegvesen.
- Nærverande avtale regularar kun det området på eigedomen som er markert i vedlagt kart. Korleis løysinga blir med det området som krev sprengingsarbeid og som grensar til gbnr. 10/29, vil bli avtala nærare.

4. Eventuell erstatning for skade eller ulempe som måtte bli påført eigedomen som følgje avtala skal erstattast ved minneleg overeinkomst eventuelt skjønn. Skadar ved kommunen sitt framtidige tilsyn, vedlikehald og fornying av vegen skal handterast på same måte.
5. Etter at anleggsarbeidet er utført over eigedomen skal Meland kommune, saman med grunneigar, gjennomføre synfaring.
6. Denne avtalen skal tinglysast som hefte på eigedomen. Meland kommune betalar kostnadene ved tinglysinga.

Stad og dato:.....

Stad og dato: .....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 39

Meland kommune

.....

.....

Personnr.:.....

Orgnr.: 951 549 770

Deleigar av gnr. 10 bnr. 39

.....

Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 39

.....

Personnr.:.....

Deleigar av gnr. 10 bnr. 39

.....

Personnr.:.....